



AS Haugland Vvs
Lyngvegen 2
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1284 - 18/18197

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
07.06.2018

Utsleppsløyve for hytte - minireinseanlegg - gbnr 60/11 Langenes

Administrativt vedtak: **Saknr: 287/18**

Byggestad: Gbnr: 60/11 Langeneset 83
Tiltakshavar: Mette Annaniassen
Ansvarleg søkjar: AS Haugland Vvs
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsgorskrifta § 12-3

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for hytte på gbnr 60/11.

I søknden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg av typen Biovac FD5N PEH før utsleppet vert ført vidare lukka jordbruksgrøft.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 16.04.2018 og supplert 28.05.2018.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som byggeområde for hytter. Reinseanlegget ligg i byggeområde for hytter. Avløpsleidningen ligg delvis i byggeområde for hytter og mest i LNF.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2.
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Passering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 16.04.2018.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon. Kommunen legg til grunn at det ikkje trengst dispensasjon for leidningar i LNF, som vil vera nedgravne, medføra små terrenginngrep og i liten grad gje synlege spor, jf skriv frå Kommunal og moderniseringsdepartementet datert 10.06.2015.

Reinseløysing

Utsleppet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD5n PEH . Anlegget er godkjent etter NS-EN 12566-3 . Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser, jf. forureiningsforskrifta § 12-8/§ 13-8.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-13 2.ledd/§ 13-11 3.ledd.

Det er lagt ved serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget i søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Reinseanlegget er plassert på eigen eigedom. Utsleppsleidningen er lagt delvis på eigen eigedom og går over gbnr 60/4 og 60/5 fram til kistegrøft på sistnemnde eigedom.

Det ligg føre skriftleg avtale datert 13.10.2016 mellom tiltakshavar Mette Annaniassen og eigar av gbnr 60/4 Sevre G. Hopp om rett til å legga røyr over eigdommen.

Det ligg føre skriftleg avtale datert 08.09.2017 mellom tiltakshavar Mette Annaniassen og eigar av gbnr 60/5 Frode Langenes om rett til å legga røyr over eigdommen og kopla seg til kistegrøft.

Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom og rett til bruk av privat avløpsleidning bør tinglysast på eigedomane.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast når det vert sett krav til reinsing av utsleppet i biologisk/kjemisk reinseanlegg med etterpolering i lukka jordbruksgrøft.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart mottatt 16.04.2018 (prinsipp) med plassering på dei eigedommane det ligg føre avtale med.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avløpsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap 20.

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova er mottatt og vert handsama i eiga sak .

Vedtak:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for hytte på gbnr. 60/11. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Utsleppet frå eigdommen skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac Biovac FD5n PEH før utsleppet vert ført i tett leidning til lukka jordbruksgrøft.

2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 5 pe.

3. Det skal liggja føre gyldig serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget til ein kvar tid.

4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13 jf. § 12-6

5. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avløpsleidning eller anna fellesanlegg dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

6. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak gjort i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningslova § 85](#) andre ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak gjort av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak gjort i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avløpsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/1284

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

AS Haugland Vvs
Mette Annaniassen

Lyngvegen 2 5914
Storåsen 24 5132

ISDALSTØ
NYBORG